

# PlanT

## Trusopplæringsplan til Radøy kyrkjelyd

---

### Hovudmål for trusopplæringa

Born og unge skal verta verande hjå Kristus når dei veks opp slik som dei i dåpen vart sameina med Han.

Gjennom opplæringa skal born og unge bli kjent med "den store forteljinga" i Bibelen. Dei skal lære det kristne språket og kyrkja sin liturgi slik at dette språket vert fylt med innhald. Born og unge skal verte utfordra til disippelskap og engasjement i kyrkja og samfunnslivet.

---

### Grunnlag og særpreg

Radøy er eit sokn med høge dåpstal og mange har eit positivt tilhøve til kyrkja. Dette viser seg i mellom anna stort oppmøte ved utdeling av 4-årsbok, stor gjevarglede på kyrkjebasarar og stor oppslutning til konfirmantarbeid.

Nokre generasjonar tilbake arbeidde dei fleste på Radøy som bønder og fiskarar, gjerne ein kombinasjon. Framleis er det mykje sauehald på Radøy og det er mange som jobbar for å vedlikehalde kulturlandskapet. Difor vert Radøy kalla "Den grøne øya". Radøy har mange turstiar, kulturminner og høve til fiske i hav og vatn.

I 2014 var Radøy utnemnt som barne- og ungdomskommune av Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet. Radøy har eit kommunalt ungdomsarbeid og eit stort engasjement i kultur og idrett. Manger sitt lokale musikklag ligg på verdstoppen i brassmusikk. I tillegg står lag, organisasjonar og andre frivillige på for å gje ungdomen eit godt og variert tilbod, både i idrett, musikk og kultur.

---

### Organisering, rammer og ansvar

Ansvarsfordeling kan vera som følgjer:

- Soknerådet er hovudansvarleg for heile trusopplæringa. Dei skal med jamne mellomrom revurdere planen og gjere naudsynte endringar. Dei skal også hjelpe til med å rekruttera medarbeidarar til tiltaka.
- Trusopplæringskoordinatoren har overoppsyn med gjennomføring av tiltaka og rapportering til bispedømekontoret. Han/ho har også ansvar for den pedagogiske kvaliteten i tiltaka. I tillegg har koordinatoren ansvar for utsending av invitasjonar og den grafiske utforminga av dei.
- Presten har ansvar for det teologiske innhaldet i trusopplæringsstiltaka.

- Tiltaksansvarleg (løna eller uløna medarbeidar) har ansvar for det enkelte tiltak og gjennomføring av dette. Tiltaksansvarleg rapporterer tilbake til koordinatoren.
- Sekretæren hjelper til med utsending av invitasjonar og bestilling av materiell.
- Kyrkjeverje (dagleg leiar) har hovudansvar for økonomi knytt til tiltaka og økonomisk rapport.
- Kyrkjemusikaren har hovudansvar for song og musikk i tiltaka, og planarbeid med kva for salmar born lærer i dei diverse tiltaka.

Av løna medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet har me ein trusopplæringskoordinator i 60% stilling.

---

## Samarbeid kyrkje og skule

### 1. - 4. klasse

Kompetansemål i læreplanen for RLE

... ”beskrive lokale kirker”

... ”gjenjenne kunst og gjøre bruk av estetiske uttrykk knyttet til kristendommen”

Kompetansemål i læreplanen for kunst og håndverk

... ”bruke originalkunst i skolens nærmiljø som utgangspunkt for egne bilder og skulpturer” ... ” samtale om gater, plasser og bygninger med forskjellige bruksfunksjoner i nærmiljøet”

Kompetansemål i læreplanen i samfunnsfag

... ”kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke”

### Vandring i kyrkja og på gravplassen

Klasser som ynskjer det kan avtale å kome på kyrkjevandring i ei av kyrkjene. Her vil dei få høre om historia til den aktuelle kyrkja og lære om dei ulike romma i kyrkja, slik som våpenhus, kyrkjeskip, kor og sakristi. Vi ser også på altartavla, prekestol, døypefont, og symbolbruk i kyrkja. Om det er ynskjeleg kan klassa også gå ein tur på kyrkjegarden. Etter vandringa kan det vere høve til å teikne kunst, symbol eller detaljar dei har sett både ute og inne.

Medarbeidarar: prest, kyrkjetenar og evt. andre.

### 5.-7.klasse

#### Eventuelle opplegg for mellomtrinnet:

## I

Kompetansemål i læreplanen for RLE etter 7. trinn

... "forklare Bibelens oppbygning, finne fram i bibelske tekster og reflektere over forholdet mellom Bibelen og språk og kultur"

... "gjøre rede for sentrale forteljingar fra Det gamle testamentet og fedrehistorien til profetane"

... "gjøre rede for sentrale forteljingar fra Det nye testamentet fra Jesus til Paulus"

### **Skulebesøk**

Vi kan kome på besøk og ha undervisning om Bibelen med utgangspunkt i læreplanen i RLE. Dette kan skje på fleire tidspunkt, men vil verte gjeve tilbod om i samband med at 11-åringane får invitasjon til å kome i kyrkja og få Det nye testamentet. (2.semester i 5.klasse)

Medarbeidarar: prest og trusopplæringsmedarbeidar.

## II

Kompetansemål i læreplanen for RLE

... "fortelja om sentrale hendelser og personer i kristendommens historie fra urmenigheten til reformasjonstiden"

... "fortelja om sentrale hendelser og personer i kristendommens historie i Norge fram til reformasjonen"

Kompetansemål i læreplanen i samfunnsfag

... "bruke omgrepet periode og vise samanhengar mellom fortida og notida ved å plassere ei rekkje historiske hendingar på ei tidsline"


... "fortelje om hovudtrekk ved samfunnsutviklinga i Noreg frå vikingtida til slutten av dansketida, og gjere nærmare greie for eit sentralt tema i denne perioden"

... "gjere greie for sentrale trekk ved tidsepokane mellomalder, renessanse og opplysningstid i Europa, og diskutere grunnar til denne tidsinndelinga"

Vi kan kome på besøk på skulen og ha undervisning om kyrkjhistoria. Sentrale tema for den internasjonale kyrkja kan vere dei aller fyrste kristne, kyrkjekonsila, det store skismaet m.m. Sentrale personar kan vere Peter, Paulus, Augustin, Johannes av Damaskus, Frans av Assisi, Thomas Aquinas, Birgita av Vadstena osb. Når det gjeld norsk historie er det naturleg å ta opp kristninga, klostervesenet og bygginga av Nidarosdomen. Sentrale personar er Olav den Heilage, St.Torfinn, St. Halvard, St. Sunniva.

Medarbeidarar: prest og evt. andre.

# Årshjul Radøy sokn



# Pensum i trusopplæringplan

## *Oppbygging i trusopplæringsplan*

Det første møtet til borna med forteljingane i bibelen er i 4-års alderen i forteljinga om Den gode hyrding som kjenner alle sauene sine ved namn. På denne alderen er relasjon det viktigaste og forteljinga hjelper borna å utvikle eit kjærlig tilhøve til Gud. Spørsmålet frå bornet er: Kven er du Herre? Borna hører forteljinga om «Den gode hyrding i nattverdfelleskapet» som koblar saman Den gode hyrding til Jesu siste måltid med disiplane og nattverd.

I 5 års alderen får borna invitasjon til å delta eit år på søndagsskulen der borna vert betre kjent med dei store forteljingane frå bibelen: skapinga, storflaumen og arka, vandringer i øydemarka i det gamle testamentet og vidare til advent, jul og påsken sine forteljingar.

Når borna er 6/7 år gammal får dei invitasjon til å gå djupare inn i forteljinga til jula (dåpsskule rekke 1) og påsken si forteljing (dåpsskulen rekke 2). Borna vert invitert til å oppdage samanheng i forteljingane. No spør borna: Kven er du Herre og kva har du gjort for meg?

Når borna er mellom 8 år og utover til forebuing til konfirmasjon får dei fleire invitasjonar til å vere med på ei breddetiltak som vidare byggjer på grunnlaget som er lagt i tidlegare alder.

I konfirmasjonsforebuinga hører borna på nytt eit utdrag frå det Gamle Testamentet som glir over i forteljinga om Jesu liv, hans død og oppstode og vidare til Den heilage ande si kome.

I tida etter konfirmasjon blir det lagt vekt på disippelskap. Ungdommane får invitasjon til pilegrimsvandring og møter forteljingar om menneske som vandra med Gud.

## Pensum i tiltaka

Tiltak	Fortelling	Tema
Familieleir	Den gode hyrden, førebuing på julas mysterium, Jesse treet (sjå vedlegg for meir informasjon)	Å styrke trusopplæring heime
Utdeling 4 årsbok	Likninga om den gode hyrding, Den gode hyrding i nattverdfelleskapet	Den gode hyrding, nattverd**
Søndagsskule	<i>Sjå eige pensum</i>	Grunnlag for tru og tilhørighet
Sommarkyrkje / pilegrimsvandring	Utgangen av Egypt, Lova, Moses	Fridom og ansvar
Dåpsskule	<i>Sjå eige pensum</i>	Påbygg søndagsskule
Tårnagenthelg	Påskens andlet, Den gode hyrding i nattverdfelleskapet	Påske, nattverd
Haustakkefest	Forteljinga om Josef	Gud forsørgjer
Gratulerer med dåpen	Dåpen, Pinse	Dåpen
Lys vaken	Advent, Julas mysterium, Samuel	Advent
Kode B	Bøkene frå bibelen	Bibelen
La det gro!	Likninga om sennepsfrøet	Tru
Konfirmasjonsførebuing	<i>Sjå eige pensum</i>	Konfirmasjon
Pilegrimsvandring II	Thomas av Aquinas, Martin Luther, Sunniva av Selja	Disippelskap

## Pensum Søndagsskule

Forteljingane	Merknad	Andre aktivitetar i Gudsteneste
Den heilage familien	Veke 3 I <i>3. søndag i åpenberringstida</i>	
Likninga om såmannen	Veke 5 I <i>Såmanssøndagen</i>	Utdeling av bibel til 11-åringar
Likninga om den verdifulle perla	Veke 7 I <i>Fastelavenssøndag</i>	
Påskens andlet I-II	Veke 9 I <i>2. søndag i fastetida</i>	
Påskens andlet III-IV	Veke 11 I <i>4. søndag i fastetida</i>	
Påskens andlet V-VII	Veke 13 I <i>Palmesøndag</i>	
Å bli kjent med Jesus på ein ny måte: Maria ved grava	Veke 15 I <i>2. søndag i påsken</i>	
Pinse	Veke 22 I <i>Treeiningssøndag</i>	Gratulerer med dåpen!
Kyrkja sitt årshjul	Veke 24 I <i>3. søndag treeiningstida</i>	
Skapinga	Veke 26 I <i>5. søndag treeiningstida</i>	
Syndefallet	Veke 29 I <i>8. søndag i treeingstida</i>	
Storflaumen og arka	Veke 35 I <i>oppstart etter ferie</i>	
Den store familien	Veke 37 I <i>16. søndag i treeiningstida</i>	
Utgangen av Egypt	Veke 39 I <i>18. søndag i treeiningstida</i>	Hausttakkefest med «Josef»
Dei ti beste levereglane	Veke 42 I <i>21. søndag i treeiningstida</i>	Veke 43 Tomasmesse/Dei ti bod
Den gode hyrding i nattverdfelleskapet	Veke 45 og 46 I <i>forteljinga som preike i Gudsteneste</i>	Utdeling av 4-årsbok
Advent	Veke 49 I <i>2. søndag i advent</i>	Veke 48 Lysvaken i Sæbø

## Pensum dåpsskule

Forteljingane rekke 1	Merknad	Tema
Skapinga		Dåpsforteljinga er plassert i midten og koblar saman «vatnet frå skapinga, den store flaumen og raude havet (der Israelsfolket gjekk gjennom til fridomen sin) til Jesu død og oppstode (som vi er sameina med i dåpen).
Arka		
Utgangen av Egypt		
Påskens andlet	Utdrag av Jesu' liv i 7 brett.	
Dåpen		
Jerusalem, den heilage veke	Fordypning av Påskens andlet	
Å bli kjent med Jesus på ein ny måte	7 oppstandelses historiar	
Pinse, Dei tolv		
Forteljingane rekke 2	Merknad	Tema
Profetane		I Adventforteljingane høyrer me om profetane som peikte mot Messias, han som skulle kome, me høyrer om hyrdane på markene og om dei vise menn som kom fra Austerland. Me avsluttar dåpsskulen med julas mysterium, ei meir detaljert utgåve av juleevangeliet.
Heilagetrekongarsfest		
Den heilage familie & Kyrkja sitt årshjul		
Advent I	Profetane	
Advent II	Hyrdane	
Advent III	Den heilage familie	
Advent IV	Jesu' fødsel	
Julas mysterium	Utdjuping av juleevangeliet	

Forteljingane rekkje 3 (eventuel)	Merknad	Tema
Den store familien		
Jakob		
Josef		
Utgangen av Egypt		I den 3. rekkje høyrer me om korleis Gud valde ut ein familie, Abrahams ætt. Me fylgjer sentrale figurar i Guds frelseshistorie og me peikar fram mot Messias.
Moses		
Tabernaklet og Arka		
Samuel		
Ruth		

## Pensum konfirmasjon

<b>Samling</b>	<b>Forteljingane</b>	<b>Perla</b>	<b>Vesle katekismen</b>	<b>Kjernetekst</b>
1	Skapinga	Gudsperla	Vår Far	
2	Den store familien (Abraham)	Eg-perla		
3	Utgangen av Egypt	Dåpsperla	Dåpen / Nattverden	
4	Dei ti beste levereglane	Ørkenperla	Dei ti boda	
5	Bortført og heimkommen	Gledesperla	Truvedkjenninga	
6	Julas mysterium	Kjærleiksperlene		Joh. 3:16
7	Den største likninga	Løyndomsperlene		
8	Påskens andlet	Nattperla	Nattverden	
9	Bli kjent med Jesus på en ny måte	Oppstodeperla	Truvedkjenninga	

# Systematikk, samanheng og teologi

---

## Gudsrikeleiken - ein introduksjon

Kyrkjelyden brukar Gudsrikeleiken som eit systematisk og samanhengande grunnlag for trusopplæringsarbeidet.

Gudsrikeleiken hjelper born til å utforske trua si gjennom forteljing, for å få eit religiøst språk og for å styrke deira andelege røynsler gjennom undring og leik. Dei røynslene som born gjer i møte med forteljingane førebur dei til deltaking i det liturgiske livet i kyrkja. Pedagogikken er basert på Montessori prinsipp.

---

## Teologi

Jesus gav oss dåpssakramentet for at vi skal ha del i forsoninga som han gjorde på krossen. Gjennom dåpen har vi vorte Guds born og får del i det overnaturlige livet ved Den heilage ande si gáve. Jesu befaling er: *Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk.* (Matt. 28,19)

Dette inneber at ved dåpen kjem befalinga om opplæring. Allereie i svært ung alder er born oppteken av «dei store spørsmåla». Kven er Gud, kor var eg heilt i byrjinga (før eg vart fødd?) Og korleis kom eg hit? Kva er livet og kva skjer når eg dør?

Me trur at born, som Guds skapningar og ved dåpen har fått kunnskap om Gud.

Kunnskapen treng å fyllast med innhald og språk. Gudsrikeleiken har ambisjonar om å hjelpe born å læra dette kristne språket og oppleva Guds nærliek i forteljing, stille og bøn. Ved desse røynslene ynskjer me å gje vidare noko som berikar hjartet og livet til borna og kan gje innhald i den trua dei er døypte til.

---

## Pedagogikk

Pedagogikken i Gudsrikeleiken har fundamentet sitt i Monetessori-pedagogikk. I 1896 var Maria Montessori den første kvinnen som avstudeerte ved Universitetet i Roma med ei medisinsk grad. Montessori sjokkerte ved å snu utdanninga opp ned. Ho trudde at dersom vi møtte behova til born i staden for alltid å spørje dei om å tilpasse seg dei vaksne sine behov, ville eit "nytt born" kome fram. Ho oppdaga at born i trygge og riktige omgivnader ville vise kjærleik til læring, evne til sjølvstende og ein djupt andeleg natur.

I vår trusopplæringsplan freistar me å møta behovet til borna ved å fortelje forteljingane frå bibelen med multisensoriske materialer som appelerer til eit breitt spekter av måtar å læra på: auditiv: fordi forteljinga er fortald med ei røyst; visuelt: fordi materialet representerer kva som føregår i forteljinga; kinestetisk (med rørsle): fordi materialet vert flytta på og forteljaren brukar kroppsrorsler for å styrke det som vert sagt.

---

## Rom

Gudsrikeleiken-rommet er eit miljø som er nøyde tilrettelagt for å fremje det religiøse livet til borna. Når borna kjem inn i rommet vil dei visuelt verte møtt av den store forteljinga i Bibelen. Materiellet og bileta som vert plasserte der, hjelper borna å konsentrere seg og til å reflektere.

Rommet har ei fast oppbygging som borna vil kjenne att frå gong til gong. Alle forteljingane har den faste plassen sin. Borna veit dei kan henta materiellet der til forteljingar dei har hørt før. Dei veit kor formingsmateriellet er og dei veit kor dei skal setje det tilbake. Ei hovudsak ved rommet er forutsigbarheten. Dette fører til at den vaksne kan tre tilbake, slik at den sanne læremeister, Den heilage ande, kan arbeide fullt og heilt.

Rommet er lagt opp til læring undervegs: bornet vil finna globen, eit kart over Israel, byen Jerusalem på Jesu tid med tilhøyrende oppgåver. Borna ser eit brett med kveitefrø som spirer i fire stadium, saman med teksta om «frøet som fell til jorda og døyr...». Eit brett med material til å laga surdeig sammen med likninga om surdeigen. Etc.

Rommet er viktig. Likevel vert ikkje alltid forteljingane fortald i dette rommet. Vi brukar ofte sjølve kyrkerommet, f. eks. framfor alterringen. Forteljingane sjølve er ikkje bundne til Gudsrikeleiken-rommet.

---

## Forteljing

### *Dei heilage forteljingane*

I dei heilage forteljingane følgjer borna den store forteljinga frå bibelen, frå skapinga til Jesu' gjenkomst. Borna møter Guds nærvær som ein raud tråd gjennom alle forteljingane. Dei heilage forteljingane har ein identitetskapsande funksjon.

### *Likningane*

I likningane opplever vi Jesu oppleving av Gud og Guds rike.

Jesus definerte aldri Guds rike medan han forkynte bodskapen sin. Han talte heller om Guds rike i likningar, som vi ofte synest er vanskeleg å tolke. Likningane som metaforar inviterer oss til å gå inn i sjølve forteljinga. På den måten vert vi kjend med Gud og korleis Guds rike verkar. Likningane stimulerer til utforsking av bodskapen til bibelen. Born får sjølv oppleve likningane ved å lage surdeig og plante eit sennepsfrø men òg ved å reflektere over det dei ser og hører. (Presentasjonen og Ordet til bibelen.)

### *Liturgiske forteljingar*

Dei liturgiske forteljingane inviterer borna til å førebu seg å feire frelsa som vi møter det i dåp og nattverd. Dei liturgiske forteljingane gjer frelsa tilgjengeleg for borna.

### *Forteljingane etter bibelsk tid*

Borna hører ei rekke forteljingar om menneske som vandra med Gud. Disse forteljingane inviterer til disipelskap.

---

## Respons og undring

Undringstida er ei tid for refleksjon når gruppa engasjerer seg i ein open felles dialog med forteljinga, med kvarandre og med røynslene sine i forteljinga. På den måten formar undring vår kunnskap og kjennskap til Gud og kva Gud forventar av oss. Undringa hjelper born til å bli kjende med Gud men òg med seg sjølv. Forteljaren gjer undring mogeleg ved å stille opne spørsmål. Undringa stoppar ved spørsmål som «Kor mange dagar regna det då Noah var i arka?» Spørsmål kan heller vera: «Eg lurer på korleis det kjendest å vera i arka medan det held fram å regna?»

Undringa varierer frå gong til gong. Jerome Berryman, som har jobba mykje med Gudsrikeleiken, nemner 3 spåk born responderer med:

### *AHH – Det intuitive språket.*

Den første responsen er den kjenslemessige opplevinga av Gudsforholdet. Nærleiken og tryggleiken. Den umiddelbare opplevinga. Opplevinga av det heilage. Det vi ikkje har ord for – det å vere. AHH kunne like gjerne vore WOW.

### *AHA – forståinga*

AHA-språket fordrar ein viss avstand til røynsla, eit sjølvmedvit over eigne opplevingar og refleksjon over kva som skjer med oss. Det å kunne setje ord på røynsler er med å grunnfeste dei i det menneskelege fellesskapet og dermed gjere dei "meir verkelege". Å ha ord til å uttrykkje åndelige tankar, kjensler og røynsler er med på å gjere desse verkelege for oss. Dei røynslene vi ikkje har ord for, vil vere vanskeleg å ta vare på. Språket er lagringsplass for røynsler.

### *HAHA - Leiken og det leikande språket:*

Dette språket har plass til paradoksa og det uventa, men òg til humor og rim og rytme. Det er gjennom leik borna først får eit grep om røyndomen. Læring, spesielt blant dei yngste borna, skjer gjennom alle sansane men på ein ubevisst, leiken måte.

---

## Bøn / kreativt arbeid

I fleire tiltak er det rom for å arbeide med forteljinga gjennom formingsaktivitetar som maling, teikning, etc. Born får hjelp til å integrere forteljinga i liva deira når dei brukar tid med formingsmaterial. Me prøver å leggje til rette med eit mangfold av material som maling, teikning, 3d-material som modellkitt. Born kan jobbe med tekst ved å lage scrapbook, etc.

Nokre gonger synest born at det kan vere vanskeleg å delta i undringa etter forteljinga. Det er ikkje alltid lett å finne dei retteorda for å uttrykkje kva forteljinga tyder for dei. Nokre gonger kan berre eit fysisk objekt eller biletet bidra til å avklare tydinga av eit ordlaust konsept.

---

## Arbeider / Medarbeideren

Forteljaren har ei viktig rolle i Gudsrikeleiken. Han eller ho skal gje forteljingane, omgivnadene og materiellet liv og freiste borna til å bruke alt dette. Dette krev god førebuing. Aller først treng forteljaren å setje seg inn i bibelteksten og teksten som skal forteljast. Forteljinga skal verta lært utanåt (by heart) om ikkje ordrett. Born legg merke til når teksten er integrert, ein del av tankar og hjarte. Dei hører når forteljaren elskar teksten.

Forteljaren skal ha tid til å forebu seg sjølv men og materialet. Å klargjera materialet som hører til forteljinga kan igjen vera ein bra måte å forebu seg sjølv på. Forteljaren har funne ro.

Medarbeideren er den som gjer rommet klart. Han eller ho er den som først helsar på borna når dei blir ynskt velkommen. Medarbeideren helsar dei ved namn og spør om dei er klare til ei forteljing. Medarbeideren skal òg hjelpe borna i gang med det kreative arbeidet etter undringsperiode og tek seg av praktiske oppgåver.

Metoden krev tid til å innarbeidast og dette er vel kanskje den største utfordringa til Gudsrikeleiken. Materialet er kostbart og førebuinga er krevjande, men belønninga stor. For å hjelpe forteljaren i gang arangerer NLA Gudsrikeleike kurs. Likevel treng ein ikkje gå på kurs for å kunne fortelja ei Gudsrikeleiken-forteljing. Born som har vore med ei stund og som har vorte kjent med forteljingane er gode kandidatar til å ta neste forteljing.

# Sentrale dimensjoner

Medverknad frå born og unge	<p>Som døypte er born fullverdige medlemmer i Kristi kropp og utrusta med Den Heilage Andes gåver. Dette tyde at born ikke berre er «framtidas kyrkje» men er kyrkja allereie no.</p> <p>Gudstenesteverkstad er eit døme påkorleis born og unge er likeverdige partnarar i kyrkjelyden sitt arbeid. Eit anna døme på medverknad frå born er «Kirkerottene» der born i 6-8 års alderen er medarbeidarar ved sal av billettar, DVD og lydbøker.</p> <p>I Gudsrikeleiken er både born og vaksne elevar. Både borna og forteljaren høyrer på forteljinga og på kvarandre si undring og refleksjonar rundt forteljinga.</p> <p>Vi har ein ambisjon om å hjelpe eldre born til å fortelje Bibelens forteljingar vidare til andre born. På søndagsskulen er det rom for dette sidan det er fleire alderstrinn som er samla. Nokon av borna har blitt fortruleg med Gudsrikeleiken og med nokon av forteljingane. Det er rom for at dei kan fortelje dagens forteljing. Intensjonen er å styrke borna som fullverdige og kompetente medarbeidarar.</p> <p>Vi har også eit leiartreningsopplegg til fjarårs-konfirmantar. Samstundes som ungdomane går gjennom kurset er dei med på konfirmasjonsarbeid eller søndagsskulearbeid som leiar.</p>
-----------------------------	--

Heimen/familie	<p>Heimen er barnets viktigste trusopplæringsarena. I dåpen forpliktar både foreldre og fadrar seg til å lære borna å be, og til å bli kjende med Guds ord. Denne forpliktinga får dei ikkje åleine, men kyrkjelyden tar og del i den.</p> <p>Vi har som mål å styrke trusopplæring på heimebane i ein tidlig fase ved å dele ut brosjyre om trusopplæringsarbeid i kyrkjelyden. Vi inviterer «hovudfadder» til å hente ein «fadderpakke» med dåpslys, barnebibel, mm. ved markering av 1. og 2. dåpsdagen.</p> <p>Jul og Påske er dei viktigaste høgtidene i kyrkja. Me har som mål å hjelpe familiene til å feire desse høgtidene på ein bevisst måte. På familieleir har vi ein verkstad som hjelper til med dette ved bruk av «Jesse-treet». (Sjå vedlegg i tiltak “familieleir”)</p> <p>I fleire trusopplæringstiltak får born utdelt ei bok eller arbeidshefte som dei kan ta med seg heim.</p>
Gudsteneste	<p>Trusopplæring førebur born til å delta i gudstenestelivet. Trusopplæring lærer born det kristne språket: forteljinga til bibelen, liturgien og kyrkjeåret og legg til rette å møte Guds nærvær i det kristne felleskapet.</p> <p>Gudsteneste og aktiv deltaking i gudsteneste er eit mål i trusopplæringa. Dei fleste av tiltaka er i difor kobla opp mot ei gudsteneste.</p>
Oppfylgjing av frivillige medarbeidrarar	<p>Gud har utrusta oss alle med ulike gåver og trusopplæring er ei oppgåve for heile kyrkjelyden. Såleis kan trusopplæring ikkje berre overlastast til dei løna medarbeidarane. Rekruttering og oppfylgjing av frivillige medarbeidar vert såleis ein viktig del av trusopplæringsplanen.</p> <p>Mål: Lage ein database over frivillige med oversikt over kven som kan kontaktast ved behov for medarbeidrarar.</p> <p>Mål: Rekruttere til Gudsrikeleikenkurs.</p>

Tverrfagleg samarbeid	<p>Innanfor staben har vi kompetanse innanfor teologi, pedagogikk, musikk og kultur, budsjett og rekneskap, administrasjon, IT og grafisk design og bygg/vedlikehald/reinhald. Vekentlege stabsmøter gjev eit godt grunnlag til tverrfagleg samarbeid. God kommunikasjon føset at kompetansen vert brukt optimalt.</p> <p>Vi har òg eit tverrfagleg samarbeid med skule og barnehage: sjå skule- og barnehage samarbeid.</p>
Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar	<p>Det er både naturleg og viktig å samarbeide med dei andre organisasjonane i kommunen. På Radøy har vi eit uformelt samarbeid med bedehuset på Manger ved at vi forsøker å koble tidsavgrensa tiltak opp mot det kontinuerlige arbeid som bedehuset gjer: Ving og KRIK.</p> <p>I tillegg har me eit samarbeid med NMS som bidreg til dåpsopplæring på dåpsskulen.</p> <p>Vi har eit samarbeid med det lokale sogelaget, kystlaget, God Jord og Barnets Turlag om pilegrimsvandring. Sjå «Pilegrimsvandring til born» i tiltak.</p>
Kommunikasjonsarbeid	<p>For å nå ut til busetnaden på Radøy bruker vi diverse media. Kyrkjelyden har ein nettside. Alle trusopplæringstiltak vert skildra her. Nettsidene er lenka opp til Facebook.</p> <p>Når born får invitasjon om eit trusopplæringstiltak i posten vil det alltid vere ein link til websida og eventuelt eit påmeldingsskjema.</p> <p>Kyrkjelyden har òg eit eige menighetsblad: Radar, som alle som bur på Radøy får i posten. Her har trusopplæringsarbeidet regelmessige innslag.</p> <p>Vi har investert i redigeringsverktøy som hjelper til å presentere trusopplæringstiltak på ein visuelt tiltalande måte.</p>

Inkludering og tilrettelegging	<p>Trusopplæringa er for alle, uansett kjønn, funksjonsevne og livssituasjon. Kyrkjelyden skal gjennom inkludering og tilrettelegging sikra at ingen fell utanfor trusopplæringa. Dette gjeld både dei som p.g.a. ulike funksjonshemmingar treng særskilde tiltak og flyktningar/ innvandrarar med sine behov. Alle kyrkene er tilrettelagd for rullestolbrukarar og har handicap-toalett.</p> <p>Når kyrkja sender ut påmeldingsskjema til ulike aktivitetar, er det alltid ein rubrikk for avkryssing av særskilde behov som allergiar, trong for assistent, m.m.</p> <p>Ved behov for assistenter er det viktig med ein god dialog med foreldra og kommunen. Det er viktig å skaffa eit realistisk oversyn over trangen for ressursar, både m.o.t. personell og økonomi.</p> <p>Gudsrikeleiken egner seg ypperlig også for menneske med utviklingshemming.</p>
Diakoni	<p>Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, der alle vert sett ut frå sine ressursar og behov. Det er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern av skaparverket og kampen for rettferd. (Jmf. diakoniplan for DNK.)</p> <p>Born og unge skal gjennom trusopplæringstiltak lære medynk, empati og ansvar.</p> <p>Nokon konkrete tiltak er direkte retta mot diakoni: Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon og Pilegrimsvandring for born (med fokus på Skaparverket)</p>
Musikk og kultur	<p>Gjennom heile trusopplæringa er musikk ein integrert del av opplegget. Det er eit mål at song og musikk kan vere ein faktor til å hugse og forstå bibelforteljingar og kva dei tyder for oss. Det er gjort eit arbeid med å knytte songar og musikk som passar inn i dei forskjellige tiltaka, og knytte dei opp mot bibeltekstar som hører heime der. Det er eit arbeid som og går over i gudstenesta, der salmane skal stå i forhold til tekstane.</p> <p>På Radøy står musikklivet sterkt, både i brassmusikk og rockeverkstad. Ved fleire anledningar bidrar born og ungdom med sine musikale talentar.</p>

Misjon	Dåp, opplæring og misjon heng saman. Trusopplæringa utfordrar til både eit lokalt og globalt misjonsperspektiv. Radøy kyrkjelyd har eit eige misjonsprosjekt: Kyrkjelydsplanting i Estland som mellom anna har som mål å setje trusopplæring i fokus gjennom arbeid blant born og unge i Estland.  Mål: Integrere dette arbeidet i trusopplæring på Radøy slik at det vert skapt eit gjensidig engasjement.
--------	---

# Tiltak i ein systematisk og samanhengande trusopplæringsplan

<b>Dåpsamtale</b> Alder: 0 år (2 samvær, til saman 3 timer)	
Type tiltak	Dåpssamtale
Mål	Bygge relasjonar. Gje informasjon om trusopplæring i kyrkjelyden. Reflektere saman med foreldra/føresette om dåp og lovnader.
Tema/innhald	<p>Livstolkning og livsmeistring      Kva betyr dåpen for mitt liv?</p> <p>Tru og tradisjon i kyrkja      <i>Den første trusartikkelen</i> Skapt av Gud; Det vondes problem; Menneskeverd og menneskesyn; Glede og takksemd over skaparverket</p> <p>                                        <i>Den andre trusartikkelen</i> Forsoning og frelse;</p> <p>                                        <i>Den tredje trusartikkelen</i> Gåva av Den heilage ande</p> <p>                                        <i>Sakratmenta</i> Dåp</p> <p>                                        <i>Fadervår og bøn</i> Lystenning; Vår Far</p> <p>                                        <i>Bibelen</i> Dåpsbefalinga</p> <p>                                        <i>Kyrkja</i> Gudsteneste og ritual Samfunn av dei heilage</p> <p>Kristen tru i praksis      Å be Vår Far Delta i liturgien og salmane Delta i dåpshandlinga Bøn for og med borna</p>
Arbeidsmåtar	Informasjonsfaldar Dåpssamtale Dåpsgudsteneste Dåpsklut Informasjon til hovedfadder
Ansvarleg	Prest

## Dåpsamtale

Alder: 0 år (2 samvær, til saman 3 timer)

Kommentar	Vi hentar inn kontaktinfo til hovedfadder som seinare får ansvar/ oppgåver i forhold til trusopplæring.
-----------	---

<b>Babysong</b> Alder: 0 - 2 år (6 samvær, til saman 9 timer)							
Type tiltak	Anna tiltak						
Mål	Borna skal få sine første inntrykk av kyrkja. Bornet skal få oppleve kristne songar og melodiar. Foreldre kan bruke kristne songar og bøner heime.						
